

# JORDLEIGEAVTALE

## 1. Omfang av avtalen

\_\_\_\_\_ (etter dette kalla eigar) leiger ut til

\_\_\_\_\_ (etter dette kalla leigar) følgjande

areal på gnr \_\_\_\_\_ bnr \_\_\_\_\_ i Luster kommune:

Arealtype	Arealstorleik
Fulldyrka jord	daa
Overflatedyrka jord	daa
Innmarksbeite	daa
<b>Sum</b>	<b>daa</b>

Det leigde arealet skal drivast som tilleggsjord til gnr. \_\_\_\_\_ bnr. \_\_\_\_\_ i Luster kommune.

Kryss av for aktuelt alternativ:

Det er lagt ved kart der areala som inngår i leigeavtalen er teikna inn.

Det utleigde arealet omfattar alt jordbruksarealet på eigedomen og kart er **ikkje** lagt ved.

## 2. Avtalelengde

Avtalen varer i \_\_\_\_\_ år, og gjeld frå \_\_\_\_\_ til \_\_\_\_\_.

Avtalen er uoppseieleg frå eigar si side i leigeperioden, men kan hevast ved misleghald (sjå pkt. 6).

Leigaren kan seia opp avtalen med minst 1 års varsel.

Andre tilhøve kring oppseiing og fornying av avtalen: \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_

### 3. Tilstanden på og bruken av areala

Leigaren overtek jord, gjerde og vegar i den stand dei er i når leigeavtalen tek til. Leigearealet skal nyttast til jordbruksføremål og drivast på jordbruksmessig forsvarleg måte.

Det er gjort særleg avtale om følgjande (til dømes vedlikehald av gjerder og vegar, investeringar på leigearealet, drenering, nydyrking):

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

### 4. Leigeavgift

Leigeavgifta er kr \_\_\_\_\_ pr. år og forfell til betaling første gong den \_\_\_\_\_ 20\_\_\_\_\_ og i dei neste åra til same dato. Etter krav frå ein av partane kan leiga regulerast kvart 5. år etter konsumprisindeksen. Eigaren kan ikkje krevje leiga auka på grunn av utbetringar som er utførde eller kosta av leigaren.

### 5. Eigar/brukarskifte

Dersom eigaren døyr eller sel eigedommen, går den nye eigaren inn i avtalen med dei same rettane og pliktene som tidlegare eigar. Ved eigarskifte på eigedommen til leigar, skal den nye eigaren ha rett til å gå inn i denne avtalen på same vilkår.

### 6. Misleghald

Vesentleg misleghald av reglane i denne avtalen gjev partane rett til å krevje leigetilhøvet heva. Som vesentleg misleghald vert til dømes rekna at leigeavgift ikkje er betalt 6 månader etter fristen, areal er brukt til anna føremål enn landbruk, eller at jorda vert vanhevda.

### 7. Tvist om avtalen

Dei tvistane som ikkje kan avgjerast ved skjønn, vert avgjort av dei allmenne domstolane.

### 8. Tinglysing

Avtalen kan tinglysast. Leigar ber tinglysingskostnadene.

### 9. Anna

Partane tek vare på kvart sitt eksemplar av denne avtalen. Eit tredje eksemplar, eventuelt ein kopi, skal sendast til kommunen.

\_\_\_\_\_ den \_\_\_\_\_ 20\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_ den \_\_\_\_\_ 20\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
Eigar/utleigar

\_\_\_\_\_  
Leigar

\_\_\_\_\_  
Ektefelle/medeigar